



## Nasjonale kulturbygg

### Kap. 322, Post 70 – Søknadsskjema

Under denne posten på statsbudsjettet gis det tilskudd til bygninger og lokaler for institusjoner og tiltak som har en nasjonal oppgave, en landsomfattende funksjon eller en viktig landsdelsfunksjon innenfor kulturfeltet. Byggeprosjektene skal dekke behovet for forsvarlig areal, økt funksjonalitet, og/eller økt sikkerhet gjennom ombygging og/eller nybygg. Bygningene skal ha høy arkitektonisk kvalitet. Se fullstendige retningslinjer på: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilskudd-fra-kulturdepartementet-til-kulturbygg-2018/id2538007/>

### Søkers kontaktinformasjon

Virksomhetens navn:	Musea i Sogn og Fjordane		
Adresse:	Gota 16		
Postnr.:	6823	Poststed:	Sandane
Org.nr.:	994179136	Kontonr.:	37051696647
Kontaktperson:	<b>Thomas Michael Walle</b>		
E-post:	Thomas.Walle@misf.no	Tlf. nr.:	92622055
Søknadssum Kulturdepartementet:	40 000 000	Total prosjektkostnad eks. mva.:	65 000 000

### Prosjektet / bygget

Prosjektnavn:	Fellesmagasin Angedalen		
Byggherre:	Musea i Sogn og Fjordane		
Byggets eier:	Musea i Sogn og Fjordane		
Byggets forvalter:	Hvis den som skal disponere/forvalte bygget er annen enn eier		
Byggets lokasjon:	Ramstad 6800 Førde, Gnr. 25, Bnr. 17		
Fylke.:	Sogn og Fjordane	Kommune:	1432 Førde
BTA.:	4544 m <sup>2</sup>	NTA:	Nettoareal i m <sup>2</sup>

### Tiltakets karakter (kryss av for relevante alternativ(er)):

- Nybygg;  Tilbygg;  Ombygging;  Oppgradering;  
 Annet: Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

Prosjektbeskrivelse:	Musea i Sogn og Fjordane kjøpte i januar 2017 ein fabrikkbygning i Angedalen, utanfor Førde sentrum, til bruk som museumsmagasin. Bygget, oppført i etappar mellom 1978 og 1989, har to hovudplan og er i relativt god stand. Prosjektet skal gjere nytte av eksisterande bygg i størst mogleg grad,
----------------------	--

	<p>med vekt på økonomi og berekraftperspektiv. Støypte fundament, dekke og berekonstruksjonar bevarast. Omsyn til klimakontroll, lystilhøve og sikring medfører tiltak på eksisterande fasadar og tak. Der gjenstandar skal transporterast og oppbevarast vert eksisterande vindaugsopningar attmura. I første etasje etterisolert eksisterande elementfasade utvendig, og får ny kledning. Av omsyn til sikring får andre etasje heilt ny yttervegg. Liggande, ubehandla trepanel gir fellesmagasinet ein ny fasade som spelar på lokal byggeskikk, krevjar lite vedlikehald og gir eit meir taktilt uttrykk enn dagens industrielle elementbyggeri.</p> <p>Innvendig vil magasinane vere store, generelle rom som gir fleksibilitet til å velje innreiing/reolsystem tilpassa dei ulike gjenstandane. Korridorane som bind magasinane saman er dimensjonert for truck, og veggane vert kledd med robuste treplater. Mottaksavdeling og sluser sørger for kontrollert transport mellom skitne og reine soner. I andre etasje finst kontor og rom for å studere gjenstandane, i tillegg til personalfasilitetar og ein hybel for tilreisande tilsette. I nordaustre hjørne av bygget etablerast eit nytt inngangsparti. Her finn ein og publikumsmagasin.</p>
--	---

<p>Formålet:</p>	<p>Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) har store utfordringar når det gjeld tilfredsstillande oppbevaringstilhøve for samlingane. Allereie i 2007 synte ein rapport utarbeidd av ABM-utvikling at situasjonen for museumssamlingane i Sogn og Fjordane var kritisk: 75% av gjenstandane var dårleg eller ikkje tilfredsstillande lagra, og 81% hadde dårleg eller ikkje tilfredsstillande klimatiske tilhøve. 10 år seinare er tilhøva framleis langt frå tilfredsstillande, og i si vurdering av musea i det nasjonale museumsnettverket for 2017, skriv Kulturrådet om MiSF: «<i>Museets største utfordring er magasin situasjonen, som er langt fra tilfredsstillende. Så mye som 43 % av gjenstandssamlingene ble oppbevart under dårlige oppbevaringsforhold. Det samme gjaldt 23 % av fotosamlingen og 48 % av farkostene. Dette er alarmerende tall.</i>» Ei kartlegging frå 2007 har anslått at MiSF treng om lag 2500 m<sup>2</sup> magasin for at samlingane som heilskap skal få svært gode eller tilfredsstillande oppbevaringstilhøve, medrekna tilvekst. I tillegg kjem behov for areal til oppbevaring av båtar.</p> <p>Fellesmagasin i Angedalen utformast for å fungere som magasin for alle typar gjenstandar, frå farkostar, landbruksreiskap og store objekt, til kunst, tekstil og små objekt i ulike materiale. Fellesmagasinet skal fungere som den sentrale plassen for profesjonell handtering av objekt i musea sine samlingar, og vert utforma med mottak (ureint/reint), varmekammer for insektssanering, foto- og registreringsrom, studierom for interne og eksterne brukarar, konserveringsverkstad, og publikumsmagasin for framsyning av objekt frå samlingane inkl. aktivitetssone nytta til formidlingsopplegg.</p> <p>Grunna høgda i plan 1 (5 m fri høgde), kan fleire av magasinane utformast med mesanin som doblar grunnflate, alternativt at gjenstandane lagrast i høge pallereolar. Det er og mogleg å etablere ein mesaninetasje over mottakssona. Når heile bygget vert teke i bruk som magasin (inkl. det som i oppstartfasa skal tene som mellombels mottakslager), har bygget magasinareal med ei effektiv grunnflate tett på 3000 m<sup>2</sup>. I tillegg kjem 741 m<sup>2</sup> båtmagasin og publikumsmagasin på 273 m<sup>2</sup>. MiSF har vidare opsjon på eit framtidig kjøp av tilgrensande tomteareal på 1 dekar, for mogleg tilbygg.</p> <p>Den viktigaste effekten av byggeprosjektet er at forvaltninga av samlingane betrast, og på lenger sikt vil samlingane ved alle avdelingane få svært gode oppbevaringstilhøve. For MiSF som heilskap, er manglande magasin og oversikt pr. i dag eit hinder for ei god framdrift når det gjeld registrering, digitalisering og tilgjengeleggjing. Prosjektet er såleis sentralt for at MiSF</p>
------------------	---

	<p>kan utnytte potensialet i samlingane til forskning og formidling, både gjennom høg grad av atfinning og auke i mengd og kvalitet på registreringane. Til saman dannar prosjektet ei kjerne i den framtidige berekraftige samlingsutviklinga. Vi har vidare tru på at byggeprosjektet vil ha ei viktig funksjon for å styrke dei faglege relasjonane i den konsoliderte stiftinga. Internt i MiSF er Fellesmagasin i Angedalen det prosjektet det er klart størst forventingar til.</p>
--	---

<p>Universell utforming:</p>	<p>Fellesmagasin i Angedalen skal tene både som arbeidsplass for tilsette ved Musea i Sogn og Fjordane og som formidlingsarena for besøkande til publikumsmagasinet. Prosjektet inkluderer bygging av ny hovudinngang, som sikrar åtkomst for rørslehemma. Faste arbeidssoner, t.d. kontor, registreringsrom, konserveringsverkstad og fotostudio, vert universelt utforma. Ved ombygging av kontoretasjen inkl. leilegheit for tilreisande tilsette, vert det lagt vekt på val av universelt utforma løysingar. Det er prosjektert for ombygging som tek i vare krav til trinnlydnivå, luftlydsisolasjon og etterklangstid. Det vert etablert fleire heisar og løfteplattformer i bygget, som sikrar enkel åtkomst mellom ulike etasjeplan. Bygget er elles utforma for enkel transport av gjenstandar på jekketralle/truck og trillebord, og er såleis og egna til ferdsel i t.d. rullestol. Nokre av magasinane vil, grunna i høgde på 5 m, ha løysingar som krev spesialutstyr (t.d. truck), og vil såleis avvike frå mål om universell utforming. Prosjektet inkluderer HC-toalett for tilsette i begge hovudplan, samt HC-toalett for publikum. I publikumsmagasin vil det være mogleg å legge til rette for formidling for synshemma og for besøkande i ulike aldersgrupper, inklusive barn og eldre. Det vert etablert parkering nær hovudinngang, og smelteanlegg framfor begge inngangsareala. Prosjektet vil kunne gjennomførast i samsvar med krav og standardar i TEK 17.</p>
------------------------------	--

<p>Sikring:</p>	<p>Bygget i Angedalen er inkludert i MiSF sin sikringsplan (vedteke 27.4.18), med risiko- og sårbarheitsanalyse og identifiserte tiltak. I samband med ombyggingsprosjektet er det gjennomført ny ROS-analyse for å kartlegge utilsikta og tilsikta uønskte hendingar.</p> <p>Det er utarbeidd skissekonsept for brannsikring, grunna i stadfesting av risikoklasse (RKL2 og RKL4), og heile bygget oppførast i brannklasse 1. Prosjektet inkluderer konsept for ledesystem og rømmings- og fluktveggar. Bygget utførast med brannalarmanlegg kategori 2 med direkte tilkopling til vaktentral/naudetat, samt med akustiske og optiske alarmorgan. Det vert lagt opp til installering av inergenanlegg for automatisk brannsløkking, supplert med brannslange og CO<sub>2</sub>-apparat for manuell sløkking.</p> <p>For å auke bygget sin motstand mot fuktinntrenging gjerast det bygningsmessige grep, m.a. med nytt tak og ny drenering i den delen av bygget som vendar mot terreng. Den bærande strukturen blir bevart, men bygget får ny ytterkledning som i større grad tek opp i seg ytre svingingar i relativ luftfuktigheit og temperatur. I tillegg til grad av passiv klimaregulering gjennom val av materiale og bygningsprinsipp vert det installert befuktar og adsorpsjonsavfuktar kopla til ventilasjonsanlegget, tilpassa krava til dei fire sonene.</p> <p>Det er utarbeidd eigen sikringsrapport som tek føre seg kvalitetar, system, og motstandsevne mot tilsikta hendingar. Sikringsrapporten er skjerma, men legg opp til skalsikring i fleire nivå, med kameraovervaking, innbrotsalarm og fysiske sikringstiltak. I prosjektet blir det og areal med ekstra høg sikringsgrad. Dei fleste eksisterande vindauga i plan 1 samt fleire</p>
-----------------	--

	døropningar blir attmura, og vindaug i arbeidssonar i plan 1 samt i heile plan 2 blir skifta med vindaug i sikringsklasse RC2.
--	--

## Økonomi og fremdrift

Oversikt over økonomien i prosjektet (kronebeløp eks. mva.).

Budsjett bygg:	Rigg og drift av byggeplass	3 000 000
	Bygning - ARK	16 000 000
	VVS-installasjonar	18 100 000
	El-installasjonar	8 000 000
	Tele- og automatiseringsinstallasjonar	5 000 000
	Heis, andre installasjonar	1 600 000
	Utandørsarbeid	400 000
	Upårekna kostnader Risiko / Uvisse 20 %	10 420 000
	Innreiing	2 480 000
<b>Sum</b>	<b>65 000 000</b>	

Finansiering:	Sogn og Fjordane fylkeskommune, handsamast i Fylkestinget 24.4.19, kontakt Jan Heggheim (fylkesdirektør næring og kultur), tlf: 905 66 623	20 000 000
	Eigarkommunene i Sunnfjord Energi (Førde, Fjaler, Jølster, Gaular, Naustdal, Solund, Hyllestad), kostnader til flytting av trafo. Prosess ikkje starta.	1 000 000
	Kulturdepartementet, kap. 322 post 70, Nasjonale kulturbygg	40 000 000
	Eigenfinansiering, MiSF (prosjektmidlar og eigeninnsats), kontakt: Kjartan Aa Berge (adm.dir.), tlf: 414 46 439	4 000 000
	<b>Sum</b>	<b>65 000 000</b>

Budsjett drift:	Skatt, avgift, forsikring etc	230 000
	Drift	340 000
	Vedlikehald	360 000
	Reperasjonar	45 000
	Utviklingskostnader	450 000
	Energi	410 000
	Reinhald	400 000
	Magasinforvaltar/teknisk konservator	750 000
<b>Sum</b>	<b>2 985 000</b>	

Fremdrift:	Prosjektet er avhengig av offentlege tilskot for å kunne realiserast i samsvar med skisseprosjektet. MiSF er likevel budd på å realisere prosjektet i etappar, i påvente av full finansiering. Vi startar opp arbeidet med riving av installasjonar og lettveggar i inneverande år med sikte på å ta delar av bygget i bruk før heile prosjektet er ferdig. Konkret er det snakk om mellombels lager (skittent), som allereie har vore i bruk for å avlaste magasin situasjonen ved avdelingane. Her er det kjøpt inn ein stålmessanin som aukar arealet for lagring og som blir montert opp så raskt riving av installasjonar i rommet er ferdig. Det er og planlagt å sette i gang arbeidet med båtmagasinet i inneverande år, og MiSF har her prosjektmidlar
------------	---

	<p>som skal nyttast til naudsynt arbeid. Båtmagasinet blir definert som eiga sone i bygget, og eignar seg difor til å prosjekterast separat.</p> <p>Med bakgrunn i at Sogn og Fjordane fylkeskommune i samråd med MiSF har vedteke å ikkje gå vidare med prosjektet «Kløften», skal finansiering av «Fellesmagasin Angedalen» handsamast i fylkestinget 24. april, med sikte på omdisponering av avsettingar i økonomiplanen for 2019. Eit forventa positivt vedtak i fylkestinget vil gjere MiSF i stand til å starte med detaljprosjektering i 2019 i påvente av statleg tilskot. Ein detaljert milepælsplan blir utarbeidd i samband med detaljprosjekteringa.</p> <p>Etter eventuelt tildeling av tilskot over statsbudsjettet, vil MiSF starte førebuing til anskaffinga i løpet av januar 2020, med sikte på igangsetting april/mai månad. Parallelt vil vi arbeide med naudsynte prosessar/søknadar opp mot forvaltinga i høve byggesaka. Det vil vidare settast i gang arbeid ved avdelingane for å førebu at magasinet kan takast i bruk. Her må prosessane tilpassast dei einskilde avdelingane, som har ulike utfordringar i høve magasinsituasjonen og ulik grad av oversikt over samlingane. Høgast prioritet er vurdering av båtsamlinga, med sikte på vedtak om kva for båtar som skal plasserast i magasin, evt. avhendast. Skisseprosjektet har berekna byggetid til 12 månader, og vi har mål om å kunne starte å ta fellesmagasinet i bruk i løpet av 2021.</p>
--	--

## Innlevering av søknaden

Dette skjemaet fylles ut elektronisk og lagres på egen datamaskin; deretter sendes det som vedlegg i e-post til Kulturdepartementet: [postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no). Evt. vedlegg av typen prosjektbeskrivelse, arkitekttegninger etc. kan ettersendes i separate eposter til samme adresse. Merk at departementet har en teknisk sperre på hvor store epost-vedlegg kan være, på maksimalt 15 Mb. Du vil motta en automatisk generert epost som kvittering på hver epost som blir mottatt og registrert av departementet.

Vedlegg:	<p>Prosjektskildring (ettersendast)</p> <p>Arkitektteikningar, prospekt (ettersendast)</p> <p>Fellesmagasin Førde, rapport ARK, med vedlegg.pdf</p> <p>Fellesmagasin Angedalen – Site.ifc (3D-modell)</p> <p>Fellesmagasin Angedalen.ifc (3D-modell)</p> <p>Rapport skisseprosjekt Fellesmagasin Angedalen, Rambøll med vedlegg.pdf</p> <p>Kalkyle skisseprosjekt Fellesmagasin Musea i Sogn og Fjordane, 15.2.19.pdf</p> <p>Sikringsrisikoanalyse (ettersendast)</p>
----------	---

## Søknadsfrist og svar

Søknadsfristen er 1. mars 2019 for søknader til statsbudsjettet for 2020. Svar på søknaden kommer etter at statsbudsjettet er vedtatt av Stortinget, som normalt behandles i desember.